Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Sverre Myklebust

(adresse): Veiteberg

Fylke: Sogn & Fjordane

Herad: Jölster

Bygdelag: Stardalen

Gard: Veiteberg og Befring, Flatjörd

G.nr. 16, 18, 23 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Skav helst nytta som hjelpefor, naudfor eller ruskefor (det siste lauv og åkerrelester = hömle, helst då). Sume byrja straks om hausten og skave rogn (Kolbein Veiteberg, f. d. 1880 For dei torde ikkje late skavet ligge over vinteren, eller kome under snöen; giftigt. - Vi miste ei kyr 1910 um våren, og dei skulda på slikt skav (Myklebust). Åmot Stardalen god skoggard byrja dei skave so snögt snöen kom.

2. Folk sa: Vi laut til å snie
Om björk helst: Berkje el. avberkje (skave)
Ein talar herom beit og borke.

3. Å snie - sniar - snidde - snitt ell. skave - skjev - skov - skjeve
skaving og sniing og avberkjing

4. Det er mykje arbeid med skavinga so ein umgjekk del av den grunn, og no svært lite til vanleg, men ålment i höyflite og fôrknappe år som 1946-47.

2212

5. Almen reknast som beste skavet, men han er ikkje so vanleg her. Her står nokre i marka på Allberget og sume planta kring husa. Men i Våtedalen og Paulen ved Klakegg meir, og serleg i Kjøsnesfjorden – no mest i ei vike kallast Pe-vika. Der på garden Hunde gjødde dei gjelsestutane med al-skav. Ein amts (fylkes)-agronom Håland for ein gong kring og målte høyståla: „Men vi har høystålet vart ut på Stranda," sa kona til Knut Ripe, granmen til Hunde. Knut sat smidde alm like til han døydde (budde på Vikene, Skei Jølster hos sonen siste 20-30 år) kr. 1930. Borna her lika tygge på almkviste. Tekk forstoppelse, so det stod om livet. Ola Myklebost (Sørsida Jølstervatnet) drog like i Paulen (nordsida – " – ) 2 mil og henta skav, truleg både alm og rogn, kr. 1870-80.

Elles skov dei rogn, osp, bjørk hegg, selje, vie og ore.

Vie velte, selje svelte
oren legge daudt for døv
( " drepe ned kvart eit hår
Rognen fór, almen gjør.
Ospa legge smør i logg
– Heggen gjeve merg i legg

Bjørk, selje, alm, rogn og hegg vart nava ell. stuva i god mannshøgd om vinteren på snøen – bjørka for beit og bork. Slike tre kallast

2212

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Navar ell. Stuar, men kverv no etter kvart burt. Dei vart oppattnava, so snart dei var utvaksne att. Slike navar av bjørk, rogn og (selje) alm vart rekna for hevdatleg verdfull skog på sin gard. - Drengen fortel at før 1888 fekk gå til grannen og nave bjørkenavar, tok med seg rønene til beit og smidde stommane (staurar) til skav heime. Når ein nava (stua) sette ein att eit par livgreiner.

8. Sauene fekk bjørkeborken når ein smidde hesjeveden (staurane), kanskje med sildelake på. Heime fekk nok kyrne bjørkeborken au. Allvisst den gode borken av fjellbjørka (botnaved som ein køyrde heim nar snøen bar om våren, avronge. Elles fekk geitene og kyrne borken helst etter jul og i vårknipe. Dei gav skavet serskildt, men sume viska borken inni anna for (høy og halm) og gav han. Lærar Tom, Stubba 1937 hadde ei kyr og budde i ovesk(o)gen. Han smidde ore og gav kyra si, ikkje so mykje for føda, men berre det var bork, meinte han det gjorde godt. Dei gav borken etter åtta (når kyrne var stelte).

9. Mjølka vaks når kyrne fekk skav som ekstrafor. Rogn-skav reknast vanleg for best, gav tjukk rjome.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9. Her på Befring var kyrne glo etter osp. og ho gav tjukk, stiv rjome, men bleikt smör med ospesmak (beiskt) Då vi fekk ei meierske frå Sunmöre kr. 1910, nekta ho dei å smie osp. Elles var skav rekna for eit godt for. „Eg smiar for å halde mjölka," sa ein breiming. Og det gav apetitt til kreatura. Og so vart det so pent smör. „Busta likka skav," seir Nils Huus, 73 år. Eg stod nedmed grustrola, då ing. Skåve (född Hjelle Strypr) kom og hikka opp. „Du vil vel ikkje öydeleggje skavet mitt?" sa Nils. „De brukar no vel ikkje hogg til skav?" „Jau, men kor du vil på skav, då?" Skåve: „Heime skav vi jamt." På Myklebost nava vi heggane og skav. „Men det var so sebbe å få av borken," sa Anders Åsen drengen til for. Men heggen gjeve tal smak på smöret. Ospa gav smak på mjölka og. Men ein reknar hogre feitt-prosent med skav. (A)

10. Til vanleg skav ein veden til huset og hespematerialen, men ofte måtte ein til skogs eins ærend å hente. Om våren på avonge oppi rindne etter skav og beit: Köyre i skavskogen. Det kunne gå hardt for seg, når då snöen klopna og lesbane og karane tok til å bryte gjenom. - Henta skav - (ved) - 11 og 12. i kva slags ver!

13. Å rive mose, i moseskogen, sorpskogen

2212

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

14. Henta skav framover vinteren
ved hövel og snidde. Om våren når
ein var nöydd ha det dagleg, vart
det ofte slitsamt i skavskogen.
Ein nytta kjöla (avrongl) i godt ver
Ei av dei största drukningsulukkene
i Jölster, var då Jens Tuglebakken m fl
drukna på veg med föring av
skavved frå Kjösnesfjorden til Ski
Vr. 1900. - Båten overlest, bles over.
15. Det var kaldt arbeid å snie.
Difor heldt ein seg helst inne i stova
der borken tina först. Elles i fjöset
kjellar, vedhus og ute på tunet
om våren. Befring: Vi skov
på böen, bar det heim i sekker, når
snöen var. Veden låg då att.
På ein gard kunne dei jamvel
snie i helga. Men vanleg var det
stridt laurdag å snie for helga -
helst då i plogen. (Veiteberg)
16. Til sniing nytta ein tollekniv
og snidde frå seg (og til seg mot
kvistene. Gjåsbrotkniv var med
bakken ned til veden best.
Bandekniv til stort skav av
fjellbjörk og serleg ospekjeppar.
Men ospa måtte ein först karta,
serleg rot-kubbane. Til snie
staur, serleg ovestaur, nytta ein
skavl. Desse bruka ein og til
å hole ut tre-skeiene med. Hadde
elles heimelaga skeieskrape

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med ei egg av ljåsbrot. Ogso jungar (bordknivar) laga ein av ljåsbrot, og til lozzing avbrotne ljå med stutt skaft. Tynsle-ljåane var rekna for vere best til å slå i steinfull mark med. Elles ingen føremun til sniing.
17. Stovekrakken nyttast til å skave på, men helst for sniing av spøner til lys. Sette ein spønetoll i eit kvadratisk hol i krakken. Tollen hadde ein fas som feste spønekjeppen til krakken. I andre enden sat ein og heldt og so brukte ein bande-kniven. Spønene la ein so til turking uppå spønefarren over røykomnen med far på, so dei skulle bli beine. Hella over røykomnen var gjerne av klebersteim frå Vikafjellet (Breim og Utvik). Ogso bandestakkar ar-beidde ein med på krakken soleis. Elles ikkje serleg reidskap for sniing, a her.
18. Men Kolbein-Anders Veiteberg har høyrt om at dei sette ei stong på beken medi jordgolvet som dei skava mot. Ikkje skav-hal her.
19. Fyrst flekkjer ein nerva av bjørk og so sniar. Grann bjørk kunne ein snie med nerva.
Far sa: De får ta til å avberkje no, gutar! (snie bjørk)

2212
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

IV.

Ein smiar soleis at ein legg stauren på kneet (låret) og förer kniven. Men småskav (famnvedlengd) soleis at ein dreg kjeppen att og fram og kniven held ein still. Tunt skav av rogn og hegg klöyver ein berre og bryt det finaste. - Held stauren ell. troda (rogne-tro) med vinstre handa, smiar med hi.

20. Veden kallast skav, skav-ved skavkjepp

21. Det ein smiar kallast borke ell. skav. „Gå og gjev kyrne borken!" (kanskje helst björk og rein bork av andre tre)

Skav av rogn, hegg (og osp) med kvist i helst?

Talar om store ell. små skjever av bork.

22. Skav store tre (osp, rogn) på böen og tunet; men helst i famnvedlengd (60 cm = 1 alne) og helst litt lengre. Kunne og smie litt småved

23. Skav-ved, skavkjepp helst om små-ved, men ogso om store „kjeppar". Ein uklöyvd kjepp kallast gjerne kubbe

24. Skavet skal vere tunt og fint ikkje breide skiver. Smiar til sneids, so det kjem litt ved med borken (summe ville ha mykje ved med)



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sume ikkje ved med – Kyrne lika ikkje tjukk bork.
Kolbein-Anders V. (75 år): Vi borna fekk ofte skrubb fordi vi ikkje hadde smidt til gagns, so kyrne ikkje åt borken. Store-Mari Heggheim som hadde tent hos presten Færting, (Jølster og Førde) var svært flink skave og moda på det: „De berre kørlar det vekk, får det for smått!" sa ho til oss borna.

Når skovet tok til å lope – det vart stort lauv på rogna, ville ikkje kreatura ha det – Det vart vel brukt, likesom beita. Men almen som elles ikkje var lett å smide, gjekk no av i store flak, og borken vart no bruka til folkemat, turka og sjaksa sund og malen.

Tore-Anders Veiteberg 50 år gav denne versjonen av skovrimet:

„Selje svelte, vie velte
bjørkja legg daudt for dør
almen gjør, rogna før
Oren drep med kvart eit hår"

– Det var nok ikkje alle som leit mykje på bjørkeskavet.



Skavl — tvieggja — ljåsbrotkniv

Snele

Skavsigd (gjerne av langorvljå) — Sigd

Skeie-skavl

2212
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING